



Saksmappe: 2023/1432  
Sakshandsamar: SSH  
Dato: 24.04.2025

## SAKSFRAMLEGG

| Utv.saksnr | Utvalg        | Møtedato   |
|------------|---------------|------------|
| 32/25      | Kommunestyret | 30.04.2025 |

### Realisering av nye hybelbygg - Hovden skigymnas

#### Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret sluttar seg prinsippa som ligg i saksutgreiinga vedrørende investering og drift med etablering av nye hybelbygg for Hovden Skigymnas.

Ein legg til grunn at det er pårekneleg med monaleg delfinansiering frå Agder fylkeskommune.

Kommunestyret godkjenner avtale med Agder fylkeskommune vedlagt saka.

Kommunen sitt investeringsbidrag på kr. 20 millionar blir finansiert frå næringsfondet. I tillegg kjem årleg løyving til Agder fylkeskommune til inndecking tilsvarande lånefinansieringa av 65 millionar fordelt over 30 år .

#### **Kommunestyret si handsaming av sak 32/2025 i møte den 30.04.2025:**

#### **Handsaming**

Saka vart drøfta

Kommunedirektøren si tilråding var vedteke med 8 mot 5 røyster

|       |       |
|-------|-------|
| FOR 8 | MOT 5 |
|-------|-------|

|                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |                                                                                                                                                                                                                                                                         |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| <p><b>HØGRE (3/3)</b></p> <p>Anne Merethe Hjemdahl</p> <p>Anna Lise Pedersen Væting</p> <p>Bjørn Erling Bakken Auestad</p> <p><b>ARBEIDARPARTIET (3/3)</b></p> <p>Hedda Helene Schaanning</p> <p>Sondre Hoslemo</p> <p>Hans Blattmann</p> <p><b>KRISTELEG FOLKEPARTI (1/1)</b></p> <p>Thor Bernhard Sagland</p> <p><b>VENSTRE (1/2)</b></p> <p>Randi Steinholt</p> | <p><b>SETERPARTIET (2/2)</b></p> <p>Steinar Haugen</p> <p>Sigmund Alfson Trydal</p> <p><b>VENSTRE (1/2)</b></p> <p>Espen Wolles Mikkelsen</p> <p><b>BYKLE BYGDELISTE (1/1)</b></p> <p>Åsmund Hoslemo</p> <p><b>UAVHENGIG (1/1)</b></p> <p>Anne Karin Blix Grimestad</p> |
|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|

## Vedtak

Kommunestyret sluttar seg prinsippa som ligg i saksutgreiinga vedrørende investering og drift med etablering av nye hybelbygg for Hovden Skigymnas.

Ein legg til grunn at det er pårekneleg med monaleg delfinansiering frå Agder fylkeskommune.

Kommunestyret godkjenner avtale med Agder fylkeskommune vedlagt saka.

Kommunen sitt investeringsbidrag på kr. 20 millionar blir finansiert frå næringsfondet. I tillegg kjem årleg løyving til Agder fylkeskommune til inndekking tilsvarande lånefinansieringa av 65 millionar fordelt over 30 år .

Drift av hybelbygg skal basere seg mest mogleg på sjølvkostprinsipp, men med driftsbidrag frå kommunen. Ved auke i driftskostnadar av hybelbygg må ein finne inndekking gjennom omprioritering innafor næringsramma og generell drift. Dette blir konkretisert og innarbeidd i budsjettdrøfting for 2026.

## Saksutgreiing

### Samandrag/ konklusjon

Bykle kommune og Agder fylkeskommune har over tid samarbeidd for å realisere nye hybelbygg ved Setesdal vidaregåande skule avdeling Hovden (SVG) / Hovden skigymnas (HSG). Fylkeskommunen har signalisert stor vilje til å medverke til etablering av nye hybelbygg. Ein har og lagt til grunn at styret i Hovden skigymnas så tydeleg har signalisert tydinga av tidsmessig anlegg for å kunne utvikle skulen framover.

Skulen har i dag 68 elevar med 7,3 årsverk på HSG og 11 årsverk på SVGS. HSG/SVGS er såleis viktig som arbeidsplass, undervisningsstad og skulemiljø. Dei skaper og gode ambassadørar og omdømmebygging av lokalsamfunnet Bykle/Hovden.

Kommunedirektøren har vurdert moglegheiter og utfordringer ved ei ev så tung satsing på kort og lang sikt – og med særleg fokus på verknadane og det økonomiske handlingsromet som følgjer av å investere tungt i dette.

### **Bakgrunn for saka**

Kommunestyret handsama sak 49/2023 søknad om støtte til forprosjekt/ skisseprosjekt for nye hybelbygg til Hovden Skigymnas. Det vart løyvd kr. 750.000 til arbeidet med inndekking frå næringsramma. Det vart lagt inn at gruppa skulle legge fram sitt arbeid med tanke på budsjettdrøfting for 2024.

I etterkant vart det oppretta ei arbeidsgruppe med:

- Arild Eielsen - styreleiar i Hovden skigymnas,
- Eivind Buckner – styremedlem Hovden skigymnas
- Micke Pålsson – dagleg leiar Hovden skigymnas
- Jens Petter Rød - rektor Setesdal vidaregåande skule
- Geir Gjeruldsen - Agder fylkeskommune
- Signe Sollien Haugå - Bykle kommune.

I skisseprosjektet har ein nytta Basis arkitekter til å bistå gruppa i høve bygningsmessige vurderingar og løysingar. Skisseprosjektet har halde seg innanfor ramma.

Eivind Buckner har leia og koordinert prosjektgruppa sitt arbeid.

Etter at skisseprosjektet vart lagt fram for kommunestyret har det vore samarbeid med Agder fylkeskommune om mogleg realisering. Ola Olsbu i Agder fylkeskommune har utarbeidd forslag til avtaleverk og avklaring av mva-refusjon på gitte føresetnadar om fylkeskommunalt eigarskap til bygg i minst 10 år mv. ( Skatteetaten har avgitt førehandsuttale vedrørande mva – denne påreknar ein blir fornya).

### **Formelt grunnlag**

Samarbeidsavtale Agder fylkeskommune – Bykle kommune 2023- 2026. Samarbeidsavtala trekker fram prioriterte område der partane skal gjere ein ekstra innsats. Utdrag frå avtalen vedrørande utdanning og levekår;

*Kommunen og fylkeskommunen har eit felles ansvar for det 13-årige skuleløpet.*

*Partane skal særskilt samarbeide om:*

- Vidareutvikling av Hovden skigymnas, v/Setesdal vidaregåande skule
- Butilbod og elevar sine behov i eit 24/7 perspektiv

*Samarbeidsområda skal konkretiserast. Eventuelle økonomiske forpliktingar skal skildrast nærare og ev avklårast gjennom eigne vedtak.*

Kommunestyret avgjer saka på vegne av Bykle kommune. (Fylkestinget avgjer saka på vegne av Agder fylkeskommune.)

## Vurderingar og konsekvensar

### Skisseprosjekt – romprogram/ arealbehov – ambisjonsnivå elevtal

Hovden skigymnas har ambisjonar om vesentleg auke av elevtal i åra som kjem (auke frå dagens 60 elevar).

Det nye styret arbeider med strategisk utvikling av verksemda og linetilboda. Som ledd i utviklingsarbeidet har ein sett det som viktig med tidsmessige og attraktive anlegg for elevane i skuleog fritid, utover undervisningsopplegg og linetilboda. Det vil vere viktig for å tiltrekke seg nye og fleire elevar framover.

Nye hybelbygg og fellesbygg med kantine, tilsyn, og fokus på fellesskap er et viktig bidrag for å gjere Hovden Skigymnas til ein meir attraktiv skule som mange vil ønskje å søkje seg til. I den samanheng er det viktig at også foreldre/føresette opplev tilbodet som godt og trygt, - og med gode butilhøve for ungdommane.

Styret har og peika på at «konkurrerende» skigymnas har moderne fasilitetar og betre tilbod – og at det vil vere vanskeleg å selje inn skulen for potensielle søkjarar med dagens standard på bygg mv. framover.

Eit attraktivt skigymnas er slik sett også eit verkemiddel for å styrke Bykle og Hovden som ski- og vintersportsstad i nasjonal samanheng.

For kommunen og regionen er Hovden skigymnas både ein viktig undervisingsstad og skulemiljø, ein verdfull arbeidsplass og ein base for å utvikle gode ambassadørar og drive omdømebygging med fornøgde elevar i konkurransar framover.

### Lokalisering av nye hybelbygg og fellesbygg

Prosjektgruppa hadde ved oppstart av arbeidet synfaring på 6 ulike område i og rundt Hovden med naudsynt storleik, 4-6 daa. Vurderingane av desse i innleiande fase baserte seg m.a. på kriteria som nærleik til skule/grendehus og andre aktivitetsanlegg, nærleik til sentrum – daglegvare / busstransport (til og frå Hovden), tilgjenge til løyper mv.

Prosjektgruppa har sett nærare på 3 tomtealternativ som er sentrumsnære. Tomter i Otravegen og ei i Skulevegen på Hovden (sjå vedlegg). Tomtene i Otravegen er regulert til konsentrert fritidsbustader (3 etg.), og tomta i Skulevegen er regulert til konsentrert bustadføre mål (3 etg.).

Ei av tomtene i Otravegen er i kommunalt eige, den andre i Otravegen er eigd av AS Sætersdalen / Bykle og Hovden næringsutvikling. Tomta i Skulevegen er eigd av private, Uleberg og Lidtveit. Arkitekten har hjulpt arbeidsgruppa med modellering av bygningar og innpassing av hybelbygg og fellesbygg på alle dei tre tomtene. Tomtene i Otravegen syner seg å vere i minste laget for ønskja tal hybelbygg og krav til parkering / utomhusanlegg. Tomta i Skulevegen er den einaste som har areal for ev utviding av tal hybelbygg opp til 100 elevar. Ein konkluderte difor med at tomta i Skulevegen var best eigna ut frå storleik. Prosjektgruppa vurderer i tillegg at denne tomta har best plassering med tanke på synergjar og nærheit til skule og ulike idrettsfasilitetar.

Prosjektgruppa tilrår difor at ein utviklar nye hybelbygg og fellesbygg på tomt i Skulevegen på Hovden.

### Grensegang mellom fylkeskommunal og kommunal drift av skule og anlegg i dag:

Agder fylkeskommune dekkjer kostnadane til drifta ved Setesdal vidaregåande skule på Hovden, medan kommunen årleg yter støtte til tilboda som ligg under Hovden Skigymnas.

Skigymnaset er i symbiose med, men formelt ikkje del av den offentlege vidaregåande skulen, og Fylkeskommunen har følgjeleg ikkje internattilbod på Hovden.

### Konseptide

Prosjektgruppa har hatt sideblikk på tilrådingar frå skuleleiinga i høve ønskje som kan understøtte eit positivt psykososialt miljø og trivsel for elevane.

Ein har og fokusert på at det er ungdommar frå 16 år og oppover som går på skulen, og at det er viktig å tenkje tilsyn og trygge rammer, kosthald og fellesskap. Ein ser at kosthald og kantine er sentralt, likeins tilsyn / nattevakt for å gi elevar og føresette trygghet for ro og orden. - Det er og henta røynslar frå andre skigymnas / idrettslinar med hybelbygg /internat som understøtter behovet for kantine/nattevakt til denne aldersgruppa.

Skisseprosjektet legg opp til fleire hybelbygg og eit fellesbygg. Utomhusareala er tenkt med nokre soner for ute-opphald og aktivitet. –Ein legg til grunn avgrensa trong for parkeringsplassar – då det berre er 3.års-elevar som er over 18 år – vanlegvis. Skisseprosjektet legg opp til 20 p-plassar på tomte.

Det er gjennomført ei enkel undersøking blant elevar og tilsette for å få innspel – og ein har fått synspunkt på ønskje om utstyrsbod/vask- og turkerom osb. Innspel/ ønskje om treningsfasilitetar er ikkje imøtekome – men tenkt løyst ved bruk av det som finst i dag ved skulen, badeland osb. Skisseprosjekt hybelbygg og felleshus - kostnadsoverslag

Prosjektgruppa sitt forslag der ein har utforma eit standardisert hybelbygg med 10 hyblar pr hus slik at framtidige utvidingar kan skje på kostnadseffektiv måte. P.t er det teikna ut plass til 10 hybelbygg (100 elevar), men kalkylen som blir lagt fram i saka legg til grunn 7 hybelbygg (70 elevar) Arkitekten har utforma plan/ romløyser i samråd med prosjektgruppa. Ein har lagt til grunn 2. etasjar på både fellesbygg og hybelbygg Ein hybel i kvart hus er universelt tilrettelagt, slik at alle skal kunne gå på skulen og bu på hybelbygga, uavhengig av om dei har funksjonsnedsettingar. Fellesbygget inneheld også smørebodar, kontor og mingleareal/fellesareal til elevane, dimensjonert for 100 elevar.

Samla areal hybelhus; 2000 m<sup>2</sup> BRA (7 hybelhus).

Kvar hybel utgjer 14 m<sup>2</sup> inkludert bad. Resten av hybelbygg utgjer fellesareal.

Fellesbygget er på 640 m<sup>2</sup> BRA.

Byggekostnadar baserer seg på erfaringstal frå liknande relevante byggeprosjekt i den seinare tid (herunder også Røyrvikåsen) når det gjeld hybelbygg. Fellesbygget baserer seg på erfaringstal frå samanliknbare bygg i fylkeskommunal regi. Estimert byggekostnadar er 1,430 millionar pr hybel eller 14,3 millionar pr hybelhus (nov. 2023), Felleshuset er kostnadsrekna til 23,6 millionar.

I tillegg kjem kostnader til prosjektering, planlegging, VA-avgifter tilkopling, arkeologiske undersøkingar, kostnader til utomhusanlegg/parkering, grunnnerv og prosjektleiing/byggeleiing og noko uføresett. Dette er tilleggskostnader som må dekkast av Bykle kommune, og som kjem i tillegg til dei 20 mill. kr. pluss renter og avdrag. Truleg kjem dette til å koste kring fem mill. kr.

Samla kostnadar for 7 hybelhus (dagens elevtal og ei viss auke ) og felleshuset vart rekna til 99, 86 millionar frå prosjektgruppa (nov.2023). Desse tala må prisjusterast i høve indeks.

Dersom elevtalet aukar vesentleg er det utvidingsmoglegheiter for ytterlegare 2 hybelhus (20 hyblar)

### Eigedomstilhøve - arealbehov og grunnnerv

Den utpeikte tomte er eigd av Uleberg og Lidtveit. For teigen som ligg til Uleberg ligg det føre utkast til grunnnerverv og makebytte som inkluderer teigen – og areal til snøopplag inn mot parkeringa bak Fjellgardstun. På teigen som ligg til Lidtveit er det innleia forhandlingar, og eigar er orientert om pågåande skisseprosjekt og ønskja om ev å erverve grunn til dette.

Kostnadar til grunnnerverv følgjer av sak PS 12/25 (Uleberg sin eigedom og makeskifte med fleire eigedomar) og sak PS 29/25 – godkjente vilkår for grunnnerverv (Lidtveit sin eigedom). Kommunestyret har godkjent kjøpet av den største eigedomen tilhøyrande Uleberg og prosessen med grunnnervervet er godt i gang. I sistnemnte sak skal kommunestyret godkjenne kjøp – nettokostnad grunn hybelhustomt om lag kr. 400.000). Ordførar og kommunedirektør får fullmakt til å forhandle avtale om grunnavståing med rørte grunneigarar.

#### Reguleringsendring og kulturminneundersøkingar

Det aktuelle byggeområdet er regulert til bustadføre mål. I føresegnene ligg det rekkefølgjekrav om at før utbygging må det vere gjennomført arkeologiske undersøkingar. Administrasjonen har meldt inn ønske om slik undersøking – med atterhald om tilslutnad frå kommunestyret om å gå vidare med prosjektet. Arkeologiske undersøkingar er finansiert igjennom tidlegare kommunestyrevedtak.

Før igangsetting må det ligg føre godkjent reguleringsendringar på teigen. Ein føreset og at det er gjort arkeologiske undersøkingar og frigjerings av kulturminna på tomte.

#### Andre relaterte tilhøve snøopplag og trafo mv.

Det vil og vere trong for sikring av areal til ny trafo og snøopplag for prosjektet - sett i samband med utviding av ladestasjonsutbygginga på tilliggjande område (parkering bak Fjellgardstun).

#### Hybelbygg / internat – utleigebygg / eigarskap og mva-refusjon.

Ein har lagt til grunn at Agder fylkeskommune som blir eigar og byggherre. Det utløyser mva-refusjon. Fylkeskommunen sitt anslag for samla utbyggingskostnadar (2024-tal) er på 140 millionar,- eks mva 105 millionar. Ein legg denne til grunn vidare i saka.

Ein legg til grunn at det blir ei stegvis utbygging i takt med auke i elevtal.

- Første byggetrinn omfattar fellesbygg og hyblar til dagens elevtal – dvs ca 70 hyblar (hybelbygg)
- Andre byggetrinn omfattar høve til å bygge ytterlegare 3 hybelbygg (30 hyblar) ved vesentleg auke av elevtal ved skulen. Det er verdt å minne om at dette vil medføre ei ekstra bevilgning i framtida.

Nye bygg vil venteleg krevje mindre vedlikehald dei første åra enn det ein har på dei eldre hyblane. (Noverande hybelhus er overdrege til Bykle Hovden Næringsutvikling som del av finansieringa av nytt badeland. Dei gamle hyblane vil bli fasa ut i takt med bygging av nye. BNU tenkjer å renovere desse for sal eller utleige som bustader. )

#### Kostnadar til finansiering av bygg

Fylkeskommunen sin modell for årlege driftskostnadar inkluderar årlege avsetningar for større utgifter/vedlikehald. Kostnadsutrekninga er basert på NS3453 – livssyklus-kostnadar for byggverk. I oppsettet på kostnader til investering ligg og estimerte årlege driftskostnadar til sjølve bygga inkludert avsetningar til vedlikehald (Forvaltning, drift og vedlikehald – FDV) . For felleshuset er FDV-kostnadane estimert til 1 million pr år, og for 5 hybelbygg kr 1,6 millionar pr år – samla 2,7 millionar pr. år.

Dersom ein legg til grunn at både fylkeskommunen og kommunen går inn med 20 millionar kvar og at resten blir finansiert gjennom låneopptak i regi av fylkeskommunen er det dette beløpet som blir til nedbetaling fordelt over 30 år frå kommunen si side – som årleg tilskott frå kommunen. Storleik på pårekneleg bidrag ved lånebeløp på 65 millionar gir avdrag på 2,2 mill. pr år med rente 5 % - Dette tilsvarar samla rente 3,25 millionar første år. Lån / nedbetalingsmodell vil bli avklåra nærare i lag med Fylkeskommunen. Renter og avdrag må gå av næringsfondet.

#### Inndekking drift - bemanning av hybelbygg og fellesbygg:

Elevbetaling – hybel andre vidaregåande skular i Agder:

[Elevar ved internatet på Hornnes](#) betaler kr. 3.200 pr måned. Dett er utan kost, men med internett og straum. (Der deler 6 elever kjøkken, to toalett og to dusjar på gangen, og vask på kvart rom). "

Ved [Holt vidaregåande skole](#) tilbyr dei kost og losji. Husleiga er 6.300 pr måned.

[Dagens hybeltilbod på Hovden](#) koster kr. 6000 pr måned, det inkluderar hybeltilsyn, straum, internett, tv og middagstilbod måndag-torsdag i skuleveker.

[Sirdal kommune drifter elevheimen](#) knytt til den vidaregåande skolen. Elevane får servert frukost, kan smøre nistepakke, og får servert middag og kveldsmat mandag til torsdag kvar veke. I 2024 betalte dei kr. 5.600 pr. måned for dette tilbodet. Det er i tillegg egne satsar for kjøp av måltider, betaling for gjester m.m. også. Pris for å bu på elevheimen ligg litt over det ein får i bortebruarstipend.

Det er vanskeleg å samanlikne pris basert på at internatbygg med ulik standard og alder.

Nye bygg legg opp til at det blir drift av elevheim (kjøkken/nattevakt osv) og økonomi knytt til dette. Ein føreset at hybelbygg-drifta må føregå mest mogleg etter sjølvkostprinsipp, men vurderer at det likevel vil vere trong for årleg støtte frå HSG/kommunen. I lag med Agder fylkeskommune har ein avklåra at kostnader til dette må berast av elevbetaling og med bidrag frå kommunen gjennom årlege driftstilskott til huseigar .

#### **Vurderingar og konsekvensar**

Hovden Skigymnas er ein viktig aktør som understøttar Hovden som ski – og vintersportsstad.

Aktive utøvarar bidreg til destinasjonsutviklinga gjennom å nyttegjere seg fasilitetane og profilere staden. Elevar frå skulen på ulike nasjonale idrettsarrangement er gode ambassadørar for kommunen. Tilsette og elevar er også viktige i lokalsamfunnet. Ved å satse på utvikling av skulen tryggjar ein både skuletilbodet for lokale ungdomar, og understøtter eit godt miljø for tilreisande og heimehøyrande i kommunen. - Ein har og døme på at tidlegare elevar søker seg tilbake til Hovden etter end utdanning. Det kan såleis også vere ei langsiktig investering i høve til rekruttering til lokalt arbeidsliv – og auka tilflytting dersom ein får fleire elevar som får gode opplevingar dei åra dei går på vidaregåande skule i kommunen. Verksemda er også ein viktig arbeidsplass med såkalla kompetansearbeidsplassar. Ved auka elevtal – vil ein og få auke i tal tilsette, som igjen kan gi auka tilflytting og folketal

Kommunedirektøren vurderer samstundes at ei så stor samla satsing på Hovden Skigymnas vil redusere det økonomiske handlingsrommet for kommunen både på kort og lang sikt. Dette må vurderast opp mot andre prosjekt og investeringar. Samstundes ser ein at det viktig investering i bustad-attraktivitet og utvikling lokalt, med eit ungt skulemiljø og å satse på ungdom og utdanning.

Kommunedirektøren stør arbeidsgruppa sine tilrådingar om lokalisering av framtidige bygg, romprogram og forslag til løysing med hyblar og fellesbygg med kantine og nattevakt. Ein vurderer dette er meir føremålstenleg for ungdomar som bur borte frå heimen i ung alder.

Kommunedirektøren ser framlagt skisseprosjekt som realistisk med tanke på kostnader. Ein legg til grunn at det er pårekneleg med monaleg delfinansiering frå Agder fylkeskommune gjennom regionalutviklingsmildar / konsesjonskraft. Kalkylen som blir lagt fram i saka omfattar 7 hybelbygg (70 elevar) og fellesbygget, og at dette blir bygd først.

Ein påpeiker også at dersom ein ikkje vel å gå inn for bygging av nye hybelbygg må kommunen alternativt pårekne vesentlege kostandar til investering og oppgradering av noverande hybelbygg i åra som kjem.

Ein vurderer også at fylkeskommunen sin invitasjon til å stå som byggherre og slik sikre mva-refusjon og forslag til avtaleverk for investeringsbidrag er eit godt utgangspunkt for å kunne ta stilling til prosjektet.

Med dette som utgangspunkt tilrår kommunedirektøren at kommunestyret sluttar seg prinsippa som ligg i saksutgreiinga vedrørende investering og drift med etablering av nye hybelbygg for Hovden Skigymnas, og framlagt avtaleverk og finansieringsløyningar.

Dersom revidert kostnadskalkyle fråvik vesentleg estimerte kostnader korrigert for prisveksten og slik at finansieringa må drøftast på nytt vil saka bli lagt fram for kommunestyret på nytt.

Ein legg også til grunn at anbudsgrunnlaget har atterhald om ny handsaming dersom tilboda går utover finansieringsramma.

### **Tilhøve til kommuneplanen**

Ei vidare satsing på Hovden skigymnas vil venteleg understøtte satsingsområdet : sentrums- og destinasjonsutvikling i nyleg vedteken kommuneplan.

Bykle,

Kommunedirektør

### **Vedlegg:**

- 1 Samarbeidsavtale AFK \_ Bykle Internat på Hovden versjon 11.10
- 2 Finansieringsavtale Bykle ver 11.10.24
- 3 231116 Presentasjon HSG prosjekt nye hybelbygg.pptx
- 4 Førehandsuttale Skatteetaten

**Melding om vedtak blir sendt til:**